

# Røyst nynorsk!



Kven som styrer, har mykje å seie for nynorsken!

Bruk røysteretten din 9. september på eit parti som vil nynorsken vel lokalt, eller kryss inn nynorskvenlege kandidatar.

Lokale folkevalde kan gjere stor skilnad!

**BLI MEDLEM I  
NOREGS MÅLLAG!**

Send ei melding med kodeordet **NYNORSK** til **2490**. Det kostar kr 200 over mobilrekninga.

# Kva er dei viktige sakene for nynorsken?

## • KOMMUNESAMANSLÅING

Skal kommunen din slå seg saman med ein eller fleire andre kommunar etter valet? Då er det viktig at nynorskbrukarane i den nye kommunen ikkje kjem därlegare ut av samanslåinga, og at den nye kommunen sikrar nynorsken gode kår.

## • NYNORSKOPPLÆRING FOR VAKSNE INNVANDRARAR

Å gje vaksne innvandrarar opplæring på nynorsk er viktig for integreringa. Alle nynorskkommunar bør gje innvandrarane opplæring på nynorsk.

## • SPRÅKDELT UNGDOMSSKULE

God språkopplæring kjem ofte langt ned på lista når ungdomsskulane skal fordele elevar i klassene. Dette råkar nynorskelevane i dei kommunane som har språkblanda skular. Din kommune bør sikre at nynorskelevane får gå i eigne nynorskklasser på ungdomsskulen.

## • DIGITALE LÆREMIDDEL

### PÅ NYNORSK

Nynorske klasserom vert fylte opp av digitale læremiddel på bokmål som skulle vore stoppa i døra. Opplæringslova gjev kommunane ansvaret for at elevane får læremiddel på si eige språk, og den retten må kommunane ta på alvor.

## • SPRÅKSIFTE PÅ VIDAREGÅANDE

Fylkeskommunen har ansvar for opplæringa i den vidaregåande skulen. Det er mellom ungdomsskulen og den vidaregåande flest elevar skiftar frå nynorsk til bokmål. Det er viktig at fylkeskommunen har ein medvitен språkpolitikk for å hindre språksifte.

LILLETORGET 1  
0184 OSLO

TLF: 23002930

E-POST: NM@NM.NO  
DU FINN OSS PÅ

FACEBOOK | INSTAGRAM | TWITTER

